

Reguleringsføresegner til reguleringsplan for E134 Mostøyl - Høydalsmo

Datert 09.06.2010
Revidert
Vedtatt

1. Føremålet

Føremålet med reguleringsplanen er å leggja til rette for utbetring av E134 på strekninga mellom Mostøyl og Høydalsmo i Tokke kommune.

2. Generelt

Føresegnene gjeld for område vist med reguleringsgrense på plankart med teikningsnummer 1av9 til 9av9, datert 29.03.2010.

Området skal regulerast til fylgjande føremål, jfr. plan- og bygningslova § 12-5 og 12-6/11-8:

1. Busetnad og anlegg
 - Bensinstasjon/vegserviceanlegg
2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur
 - Offentleg køyreveg
 - Felles køyreveg
 - Privat køyreveg
 - Anna veggrunn – teknisk anlegg
 - Anna veggrunn – offentlig grøntareal
 - Anna veggrunn – felles grøntareal
 - Anna veggrunn – privat grøntareal
 - Haldeplass/repos
 - Kollektivhaldeplass
5. Landbruks-, natur og friluftsområde
 - LNF område der det er høve til spreidt utbygging
6. Bruk og vern av sjø og vassdrag
 - Friluftsområde i vassdrag/bekk

- a) Fareområde
 - Høgspenningsanlegg
- d) Førebelts bandleggingsområde
 - Anleggsbelte

3. Fellesføresegner

3.1 Kulturminne

Dersom det under anleggsarbeidet eller annan verksemd i planområdet blir treft på automatisk freda kulturminne skal arbeidet stoppast omgåande og kulturvernmyndigheita varslast, jf. Lov om kulturminne av 9. juni 1978 § 8 2. ledd.

3.2 Ureina grunn

Dersom det under anleggsarbeidet blir avdekka ureina grunn skal ansvarleg myndigheit varslast, jfr. Ureiningslova § 7.

3.3 Støy

Det skal anleggast støyskjerm/støyvoll som vist på plankartet. For bustadane på gnr/bnr 70/1-2, 70/3-4, 70/7, 70/6, 21/7, 21/5, 21/11,24, 21/23, 21/4, 21/8, 21/1/28, 21/1/13, 71/12, 72/7 og 72/12 skal det gjennomførast lokale støytiltak for å bringa nivået under L_{den} 55 dB utandørs og under $L_{pAeq24h}$ 30 dB innandørs.

3.4 Universell utforming

Prinsipp for universell utforming skal leggjast til grunn for utforming av alle offentlege trafikkområde.

3.5 Fri sikt

I frisktomsråda skal det vere fri sikt over 0,5 m høgde over tilstøytande vegars planum. Einskilde skiltstolpar og liknande kan stå i frisktsona.

Fri sikt for avkøyrslar markert med pil på plankartet skal vere 4 x 100m.

3.6 Avkøyrslar

Avkøyrslar markert med pil på plankartet gjeld for avkøyring frå E134 i samsvar med dagens bruk.

3.7 Viltkryssingar

Ved utarbeiding av byggeplan skal det takast omsyn til vilt. Kryssingar og moglege tiltak for å unngå kollisjonar skal vurderast.

3.8 Eigedomsgrenser

Mindre endringar i skråningsutslag innanfor områder regulert til annan veggrunn, offentleg grøntareal (AV) vil kunne skje som fylgje av uforutsette forhold som for eksempel grunnforhold eller feil i kartgrunnlaget. Areal som ikkje blir brukt til vegføremål, kan gå tilbake til opphavleg føremål.

4. Utbygging og anlegg

4.1 Bensinstasjon/vegserviceanlegg

BS1 skal nyttast som bensinstasjon og/eller vegserviceanlegg. For utnytting og bruk av området gjeld dei til einkvar tid gjeldande føresegner til kommuneplanens arealdel.

5. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Ved opparbeiding av trafikkområde kan det føretakast noko endring av grensene mellom dei ulike trafikkføremål.

5.1 Køyreveg

K1 og K2 er offentleg køyreveg.

FK1 er felles avkøyrslar til eigedomane gnr/bnr 72/7, 21/1 og 21/1/13.

FK2 er felles avkøyrslle til eigedomane gnr/bnr 21/11,24, 21/23, 21/4 og 21/8.
FK3 er felles avkøyrslle til eigedomane gnr/bnr 21/11 og 21/20.
FK4 er felles avkøyrslle til eigedomane gnr/bnr 21/3, 21/7 og 21/16.
FK5 er felles avkøyrslle til eigedomane gnr/bnr 71/1-2, 70/3-4, 62/2, 60/1, 21/1 og 62/1.
FK6 er felles avkøyrslle til eigedomane gnr/bnr 64/1 og 64/2.
FK7 er felles avkøyrslle til eigedomane gnr/bnr 69/2 og 64/1.

PK1 er privat avkøyrslle til eigedomen gnr/bnr 70/3-4.

PK2 er privat avkøyrslle til eigedomen gnr/bnr 71/1-2.

5.2 Anna veggrunn – grøntareal

AV1-AV13 er offentleg vegareal og skal nyttast til grøft, skulder, snødeponi, skjering /skråningsutslag og rekkverksrom. Anna veggrunn skal revegeterast slik at det ikkje kjem i konflikt med nødvendige frisiktsoner eller vanskeleggjer nødvendig vedlikehald. Det skal nyttast naturleg revegetering der det er føremålstenleg.

AVf1 er felles anna vegareal i tilknyting til felles avkøyrslle, FK1.

AVf2 og AVf3 er felles anna vegareal i tilknyting til felles avkøyrslle, FK5.

AVf4, AVf5 og AVf6 er felles anna vegareal i tilknyting til felles avkøyrslle, FK6.

AVp1 og AVp2 er privat anna vegareal i tilknyting til privat avkøyrslle, PK1.

AVp3 er privat anna vegareal i tilknyting til privat avkøyrslle, PK2.

6. Landbruks-, natur og friluftsområdar

6.1 LNF areal for spreidd bustad- og fritidsutbygging

LNF1 – LNF15 skal nyttast til landbruks-, natur- og friluftsområde. For utnytting og bruk av områda gjeld dei til ein kvar tid gjeldande føresegner til kommuneplanens arealdel.

7. Førebels bandleggingsområde

7.1 Anleggsbelte

Etter at området har vore brukt til anleggsområde for utbetring av E134 på den aktuelle strekninga, skal området ryddjast, revegeterast og førast tilbake til opphavleg føremål og tilstand. Det skal nyttast naturleg revegetering der det er føremålstenleg.

8. Rekkefylgjeføresegner

8.1 Støy

Før det vert gjeve løyve til tiltak skal det dokumenterast at ingen bustader langs den regulerte vegstrekninga som skal opparbeidast blir utsette for støy over grenseverdiane i Miljøverndepartementets retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegginga, T-1442. Ved søknad om tiltak etter planen skal dokumentasjon av effekten av støytiltak og detaljerte planar for tiltaka vera klare.

8.2 Grunnforhold

Før det vert gjeve løyve om tiltak for veganlegg skal det dokumenterast at grunnforholda er sikre og at eventuelle nødvendige avbøtande tiltak vert utført.